


Pressemelding frå Sund Hjortevald

Desember 2018

Ved årets (2018) hjortejakt i Sund kommune blei det felt 73 dyr av ei tildelt kvote på 92 fellingsløyver. Dette gir ein fellingsprosent på 79,35%. Årets resultat viser at det vart felt 17 fleire dyr enn fellingsresultatet i 2017.

Fellingsprosenten for heile bestandsplanperioden er på 84,19 % for de tre først åra i ny bestandsperiode (2016-2018).



Talet felte dyr i år er meir i tråd med den utviklinga vi har sett over dei tidlegare åra og vi manglar berre eitt dyr for å vere likt med toppåret 2010.

Type dyr som vart felt i år vart 15 kalvar, 24 ungdyr, 19 koller og 15 bukkar noko som inneber at styret i Sund Hjortevald ligg an til å nå målsettinga for retta avskyting i bestandsplan. Jakta har vore spesielt god i øst og sørre delen av kommunen.

Årsakene til at ein har hatt ein oppgang i talet på felte dyr i 2018 kan vere mange. Det har vorte rapportert mykje dyr gjennom heile året. Vårteljinga vi hadde i april-mai gav eit klart signal om mykje dyr. Og frå alle jaktfelt har vi fått meldingar om mykje dyr på bøane, sjølvt langt ute i jakta.

Sesongen 2018 er det tredje året av den nye 5-årige bestandsplanen som Sund Hjortevald og Sund kommune har avtale om. Hjortevaldet har no eit samla jaktareal på ca. 82 943 daa. Dette utgjør over 87 % av kommunen samla landareal.

Omorganiseringa av hjorteforvaltninga – opprettinga av storvaldet - som vart gjort for 11 år sidan har vore ein klar suksess i kommunen. Mange av dei måla som vart lagt til grunn i dei første bestandsplanane i kommunen er også vidareført i noverande plan.

- 1) Ein klarer å få fram ei meir produktiv stamme og tek ut samla sett meir dyr etter at bestandsplanar vart innført. Samanliknar ein perioden 1999-2008 med 2009-2018 vart det felt i gjennomsnitt 12 fleire dyr per år.
- 2) Vi ligg nå litt framfør ideallinja (80% felling av tildelt kvote) med 84,19% fellingsprosent av tildelte løyver for dei 3 første åra i den nye fem årsplanperioden.

- 3) Ein har klart å få ei avskyting med ei langt jamnare kjønnsfordeling. Hodyr 49,2% og hanndyr 50,8%. Forholdet mellom eldre/ynge er fordelinga: Eldre 42,13%, yngre 57,87%.
- 4) Fordelingsplanen av felte dyr ligg tett på dei idealmåla styret har arbeida etter, og som er anbefalt fordeling frå Direktoratet for naturforvaltning. Samla sett har ligg vi på idealmålsetjinga for felte kalvar, koller og bukkar. For ungdyr ligg vi litt over målsetjinga +(0,3%).
- 5) Interesse for jakta i Sund har auka med meir fokus på forvaltning av hjortestammen etter at bestandsplanar vart innført i 2008. Vi har også i perioden fått fleire unge jegerar i aktiv jakt.

Sund Hjortevald har klart å auke interessa for god og sikker jakt med fokus på ettersøk av skada vilt. Her har ein fått fram ei langt betre haldning blant jegerane til blant anna å melde frå ved skadeskyting. Ettersøksringen melder også i år at ein har hatt få utrykkingar pga. skadeskyting og jegerane er svært flinke til å melde frå dersom ein ikkje har hatt fellande skot.

11 av 25 jaktfelt, felte alle sine tildelte løyver i 2018 mens tre jaktfelt ikkje har felt hjort i år. Samla utgjør årets jakt i Sund kommune ca. 3,38 tonn hjortekjøtt til ein samla omsetningsverdi på ca. 273 400 kr. (80 kr/kg). Dette er ein klar auke frå dei føregåande åra. Gjennomsnittsvekten på dei felte dyr samla sett i år vart på 46,42 kg. Dette er noko lågare enn føregåande år. Dette kan ha samanheng med større fokus på innmelding av korrekte vektar på felte dyr. Det alt vesentlege av hjortekjøttet i kommunen beheld jegerar og grunneigarar sjølv.

Sund Hjortevald – www.sund-hjortevald.no – blei etablert 6.mars 2008 i et tett samarbeid mellom jeger, grunneigarar og Sund kommune, og har i dag hand om all storviltjakt i kommunen ettersom alle 25 jaktfelte i kommunen har meldt seg inn i storvaldet.

Ei kort oppsummering:

- a) Eit svært tilfredsstillande jaktår, men med fleire felte dyr enn dei siste 8 åra.
- b) Hjorten er tilbake etter den store hogsten over store deler av kommunen som har påverka hjortestammen spesielt i 2017.
- c) Det var felt 15 bukkar med ei gjennomsnittsvekt på 66,87 kg. 3 av bukkane som vart felt hadde meir enn 10 taggar. Den største bukken som vart felt vart vegd var 116 kg, noko som viser at stamma er sunn med gode genar.
- d) Svært lite skadeskyting og få ettersøk vitnar om godt kvalifiserte og ansvarsfulle jegerar.
- e) Dei nye jakttidene har gitt ein noko høgare fellingsprosent i vårt område.
- f) Ny 5 årig bestandsplanen starta i 2016.

Sund Hjortevald vil ønske alle jegerar og jaktinteresserte i kommunen eit godt nytt år.

Styret i Sund Hjortevald
Kåre Torsvik, sekretær
Kontakttelefon: 91779711